



SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Tore Henrik Øye		23/576

FONDSTILSKOT TIL OPPGRADERING AV VAKSDAL/MODALEN SKYTTLARLAG SI SKYTEBANE I LITLEVIKA PÅ EIDSLANDET

Vedlagte saksdokument:

Soknad_Sius_AC13_2022_Vaksdal

Tilbud_Sius_AC13_2022

VEDTEKER FOR VAKSDAL KOMMUNE SITT FOND FOR VILT, FISKE OG FRILUFTSLIV (L)(94470)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal/Modalen Skyttarlag får tildelt inntil kr. 50 000,- inkl. mva. i tilskot frå «Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv» til innkjøp av fire stykk elektroniske skyteskiver for bruk på skytebana i Litlevika på Eidslandet.

Tilskotet er grunngjeve i fondsvedtektene §§ 2 og 5.

Tilskotet utgjer 25 % av "godkjend kostnad" på kr. 274 913,-, inkl. mva. Lågare kostnad kan gje lågare tilskot. Ved eventuell momsrefusjon vert momsen trekt frå tilskotsbeløpet.

Tilskotet vert betalt ut etter oppmoding, når sluttrapport med kostnadsdokumentasjon er sendt inn til kommunen.

Arbeidsfristen er sett til 01.05.25. Midlane vert trekte inn etter dette. Det kan søkjast om utsett frist.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Vaksdal/Modalen Skyttarlag søker om kr. 100 000,- i fondstilskot til innkjøp av 4 stykk elektroniske skyteskiver til laget si skytebane i Litlevika på Eidslandet. Søknaden er retta til både Mysterfondet og kommunalt viltfond (samla tilskotsbeløp).

Investeringa er budsjettert til kr. 274 913,-, inkl. mva. Søknadsbeløpet utgjer 36 % av budsjettert kostnad. Det er òg søkt andre finansieringskjelder, og skyttarlaget legg opp til kr. 74 913,- i eigendel.

Kommunedirektøren har overført søknaden frå kommunalt viltfond til «Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fisk og friluftsliv», der fremjing av viltet inngår som fondsframlegg.

Disponibel fondskapital per 01.05.23, er kr. 693 991,-.

Søknad om tilskot til oppgradering av skytebana er vurdert til å liggje innanfor fondsføremålet, jf. § 2 i vedtektene, jf. nærare grunngjeving i saksutgreiinga.

Kommunedirektøren gjer framlegg om å løyve inntil kr. 50 000,- i fondsmidlar til innkjøp av skyteskiver. Dette utgjer 50 % av søknadsbeløpet og 18 % av budsjettert kostnad. Fondssaldoen etter ei evt. løyving, vil vere kr. 643 991,- (atterhald om moglege kontoendringar).

Framlegget til vedtak vert lagt fram for Formannskap/plan- og økonomiutvalet (FPØ) for endeleg avgjerd, jf. fondsvedtektene § 4.

Bakgrunn for saka

«Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv» skal nyttast til å fremje nemnde fondsføremål.

I søknad av 06.03.23 søker Vaksdal/Modalen Skyttarlag, v/ Trygve Mjelde, om kr. 100 000,- i tilskot frå Mysterfondet og Vaksdal kommune sitt viltfond (samla søknadsbeløp). Tilskotet skal nyttast til innkjøp av fire, nye elektroniske skiver på skyttarlaget si skytebane i Litlevika på Eidslandet. Søknadsbeløpet utgjer 36 % av budsjettert kostnad på kr. 274 913,-, inkl. mva. (jf. vedlagt kostnadsoverslag).

I tillegg er det søkt om tilsvarende finansiering frå lokale fond i Modalen kommune. Skyttarlaget legg opp til å bruke kr. 74 913,- i eigne midlar, i tillegg til transport- og monteringsutgifter.

Grunna fondssaldo, tilgjengeleg kapital og økonomisk handlingsrom, overfører Kommunedirektøren søknaden frå kommunalt viltfond til «Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fisk og friluftsliv».

Det kommunale fondet skal nyttast til å fremje fondsføremåla, gjennom ulike prosjekt, tiltak og aktivitetar, jf. vedtektene § 2 «Føremål». Fondsmidlane kjem frå regulering av Eksingedalsvassdraget og utbygging av Åsebotn kraftverk. Formannskapet/plan- og økonomiutvalet (FPØ) er fondsstyre, og vedtek tildeling av tilskot etter innstilling frå administrasjonen, jf. § 4.

Bakgrunnen for søknaden frå skyttarlaget, er arbeidet med å gje skytebana ein moderne standard, med høg funksjonalitet og stor bruks-/nytteverdi.

Oppgraderinga byrja i 2019, med utskifting av signal-/kabelsystem og straumforsyning frå standplass til skyteskivene. Dette la grunnlag for innkjøp av to elektroniske skiver i 2022, som no skal supplerast med fire nye skiver i 2023.

På bakgrunn av tidlegare søknadar om midlar til skytebana, vart det gjeve 40 000,- i kommunale fondsmidlar i 2019 og kr. 50 000,- i 2022 (frå Mysterfondet og fondet for vilt, fiske og friluftsliv).

Søklar nemner at skytebana i Litlevika mellom anna er brukt av jegerar som trenar og tek skyteprøva.

Saldoen til «Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv» per 01.05.22, var kr. 943 991,-. Grunnkapitalen i fondet (bunden kapital) skal i følgje vedtektene vere kr. 250 000, Dette gjev kr. 693 991,- i tilgjengelege midlar. Årleg tilføring til fondet frå regullant, er kr. 57 572,-.

Formelt grunnlag:

- Vedtekter for "Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv".

Vurdering og konsekvensar:

Kommunedirektøren vurderer at søknaden om tilskot til oppgradering av skytebana i Litlevika, er innanfor fondsformålet, med vekt på tilrettelegging for praktisk jaktutøving og viltforvaltning. Kommunedirektøren ser det som verdfullt å ha ei godt fungerande skytebane i kommunen, og bana i Litlevika representerer soleis eit viktig, lokalt tilbod for skyttarar/jegerar i Vaksdal. I dette høvet vil planlagt innkjøp av nye, elektronisk skiver gjere den meir eigna og funksjonell for trening, gjennomføring av jegerprøven og andre, aktuelle aktivitetar. Tilbodet og kapasiteten vert betre, og oppgraderinga vil vonleg medverke til ytterlegare bruk, og styrkje rekruttering av (unge) jegerar.

Skytebana vert nytta av fleire, ulike grupper, og til meir enn berre å førebu jakt. Likevel er bana mykje brukt av jegergruppa, som grunnlag for gode skyteferdigheiter, med dei verknadane dette gjev for praktisk jakt. Tiltaket kan også knytast opp mot kravet om trening og skyteprøve for hjortejegerar. Koplinga til jegermiljøet vert soleis vurdert å vere sentral, med grunnlag for å løyve tilskot til tiltaket, i tråd med fondsformålet.

I følgje vedtektene § 5, er målet å oppnå følgjande fordeling av tildelte fondsmidlar over ein 5-årsperiode:

- *Fiskeformål: 50 % Viltformål: 25 % Friluftslivsformål 25 %*

Status for fondsbruken dei siste fem åra, viser følgjande fordeling (omtrentleg oversyn, atterhald om «feil»!):

- *Fiskeformål: 70 % Viltformål: 20 % Friluftslivsformål 10 %*

Målet om fordeling mellom fondsformåla vert ikkje sett på som absolutt, men som ei rettesnor for fondsforvaltninga. Oversyner viser i dette høvet at det er rom for å løyve tilskot til vilttiltak. Likevel vil ei tildeling, som innstilt, føre til at den prosentvise bruken går opp. Her er det også relevant å nemne at kommunedirektøren si innstilling om å løyve kr. 50 000,- til prosjekt om hjorteskadar på slåtteeing i Eksingedalen (vilttiltak), også vil påverke den prosentvise fordelinga mellom saksområda, sjå innstilling i eiga sak.

I følgje vedtektene for fondet § 3, skal bunden fondskapital (grunnkapitalen) vere på kr. 250 000,-. Ut frå fondssaldoen per 01.05.23 vert disponibel kapital 693 991,-. Årlege innskot frå regullant (kr. 57 772,-), er ikkje rekna med tilgjengeleg saldo.

Ved vurderinga av søknad frå skyttarlaget, må ein ta utgangspunkt i fondssaldoen og fondet sitt økonomisk handlingsrom. Tilgjengeleg fondskapital gjev i dette høvet grunnlag for å tildele midlar, også med utgangspunkt i ei forvaltning som sikrar tilstrekkeleg med fondsmidlar over tid, og som ikkje gjer at saldoen kjem for langt ned mot grunnkapitalen. Her er også naturleg å ta med framlegget å løyve kr. 50 000,- til kartlegging av hjorteskadar i Eksingedalen, med i vurderinga.

Med bakgrunn i søknad sitt innhald og tilgjengelege fondsmidlar, går Kommunedirektøren inn for å løyve inntil kr. 50 000,- til oppgradering av skytebane, med innkjøp av skyteskiver. Dette er halvparten av søknadsbeløpet, men inkludert styret si innstilling om å løyve kr. 40 000,- frå Mysterfondet, kan samla tilskotssum frå Vaksdal kommune verte kr. 90 000, som utgjør 33 % av

budsjettert kostnad.

Ei løyving på kr. 50 000,- vil gje kr. 643 991,- att på fondet (før årleg innskot frå regullant).

Innstillinga til løyving er også vurdert i samanheng med tidlegare løyvingar til skytebana frå lokale utmarksfond. Elles har «BKK sitt interkommunale viltfond» løyvd kr. 10 000,- til tiltaket. I tillegg kjem eventuelle tilskot frå Modalen kommune.

Kommunedirektøren si innstilling om å løyve kr. 50 000,- til oppgradering av skytebana i Litlevika, vert sendt til FPØ for endeleg avgjerd, jf. fondsvedtektene § 4.